



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Matsalen, Podlen verkstad AS
Dato: 27.11.2017
Tidspunkt: 14:00

Adresse: Hatlandsmyro 7 Heiane sør. (Podlen verkstad ligg i raudt hus ved Plantasjen.)

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Tidsplan:

Kl. 14.00 Omvisning i Podlen verkstad sine lokaler.

Kl. 14.30 Informasjon om verksemda og med mulighet for utvalsmedlemene til å stilla spørsmål.

Kl. 15.00 Ordinært kontrollutvalsmøte vert avhalde i matsalen på Podlen verkstad.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 42/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 43/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 44/17	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet		2017/17
PS 45/17	Revisjonsplan 2017 for Stord kommune		2015/178
PS 46/17	Utvelging av forvaltningsrevisjon		2015/181
PS 47/17	Kurs i regi av revisor		2016/2
PS 48/17	Møteplan 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/40
PS 49/17	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 50/17	Referatsaker		
RS 27/17	Rekneskapsstatus - kontrollutvalet per 15.11.17		2015/179
RS 28/17	Rådmannen sitt framlegg til budsjett - kontrollutvalet 2018		2015/179
PS 51/17	Eventuelt		2016/91

PS 42/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 43/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2017/17-17
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	44/17	27.11.2017

Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 4.4.17:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «Prosjektstyring og oppfølging av investeringar» frå Deloitte, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Som prosjekt/case vert å nytta Stord ungdomsskule som pågåande prosjekt, samt eit avslutta prosjekt innan VA-sektoren.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
4. Det vert og akseptert opsjon på presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre, faktuert etter timeforbruk inntil 6 timar.
5. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til rådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 06.11.17, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere kommunen sine retningsliner og rutinar for gjennomføring av investeringsprosjekt.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgende problemstillinger:

1. Har Stord kommune etablert retningslinjer og rutinar som sikrar ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt? Under dette:

- a. Er rolle- og ansvarsdelinga i samband med planlegging og igangsetting av investeringsprosjekt tydeleg?
- b. Er rolle- og ansvarsdelinga i samband med gjennomføringa av investeringsprosjekt tydeleg?
- c. Er det etablert tydelege retningslinjer for rapportering i samband med gjennomføring av investeringsprosjekt?

2. Har Stord kommune tilfredsstillande retningslinjer og rutinar for prosjektstyring av investeringsprosjekt?

- a. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for initiering og planlegging av investeringsprosjekt? Under dette:
 - i. Utarbeiding av kalkylar og ev. revisjon av kalkylar
 - ii. Budsjettering, inkl. periodisering
 - iii. Utarbeiding av framdriftsplan med tidsfristar
 - iv. Definere mål for kvalitet
 - v. Gjennomføre risikovurderingar av framdriftsplan og økonomien i prosjektet
- b. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for gjennomføring av investeringsprosjekt? Under dette:
 - i. Fastsetting av prosjektorganisering med klare ansvarsforhold, fullmakter og rapporteringslinjer
 - ii. Kontrahering
 - iii. Oppfølging av kontraktar og samhandling med eksterne aktørar
 - iv. Styring av økonomien i prosjekt (både totalprosjekt og tilhøyrande delprosjekt)
 - v. Oppfølging av endringsmeldingar, inkl. vurdering av konsekvensar for framdrift og økonomi
 - vi. Rapportering i gjennomføringsfasen, både internt i administrasjonen og til politisk nivå
- c. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for avslutning av investeringsprosjekt? Under dette
 - i. Ferdigstilling av prosjektrekneskap
 - ii. Befaring og kvalitetssikring av leveranse
 - iii. Rapportering til politisk nivå
 - iv. Evaluering av gjennomført prosjekt og erfaringsoverføring

3. Gjennomfører Stord kommune investeringsprosjekt i samsvar med kommunale retningslinjer og anbefalt praksis for prosjektstyring? Under dette:

- a. Initiering/planlegging av investeringsprosjekt – med særleg fokus på kalkylar og fastsetting av økonomiske rammer, val av entreprisform, og risikovurdering av prosjektbudsjettet
- b. Gjennomføring av investeringsprosjekt – med særleg fokus på prosjektorganisering, oppfølging av økonomi i del- og totalprosjekt, oppfølging av endringar, samhandling med eksterne aktørar, og rapportering om framdrifts- og kostnadsutvikling
- c. Avslutning av investeringsprosjekt – med særleg fokus på ferdigstilling av prosjektrekneskap, rapportering til politisk nivå og evaluering av gjennomført prosjekt

Tidlegare statusrapporteringar:

Kontrollutvalet sitt møte 16.05.2017. Dette vart protokollert i sak PS 26/17:

Handsaming i møtet:

Else Holst-Larsen i Deloitte AS orienterte om at:

- Revisjonen er starta opp og det er bede om ein del informasjon innan 29.05.17.
- Planlagde case i saka samsvarar med kontrollutvalet sine innspel.
- Ferdigstilling innan fristen som kontrollutvalet sette – altså innan 06.11.17.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

Kontrollutvalet sitt møte 30.08.2017. Dette vart protokollert i sak PS 33/17:

Handsaming i møtet:

Utanom prosjekt relatert til Stord ungdomsskule, drøfta utvalet kva VA-prosjekt som kunne vera aktuelt.

Etter sams drøfting kom slik alternativt forslag til pkt. 1:

Kontrollutvalet tar statusrapporteringa til orientering. Basert på den ber utvalet revisor om å nytta prosjekt nr. 9089 Vikastemma (VA-anl. Vabakk. – Vikast.) som eit case vidare.

Alternativt forslag til vedtak i pkt. 1, samt forslag til vedtak i pkt. 2 og 3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar statusrapporteringa til orientering. Basert på den ber utvalet revisor om å nytta prosjekt nr. 9089 Vikastemma (VA-anl. Vabakk. – Vikast.) som eit case vidare.
2. Utvalet tar til orientering at det er liten sjanse for at rapporten vert ferdig primo november d.å., men ber om at arbeidet held fram vidare, utan ugrunna opphald.
3. Det vert bede om ny statusrapportering i neste kontrollutvalsmøte.

Drøfting:

Deloitte AS er som kjent ikkje lenger revisor for Stord kommune, men det følgjer av avtalen dei hadde med Stord kommune at oppdrag som starta opp medan dei var revisor skal fullførast.

Forvaltningsrevisor har sendt over ein statusrapport som er vedlagt saka. Her kjem bl.a. dette fram:

- Noko forseinking som følgje av at siste case først vart plukka ut av kontrollutvalet 30.08.17.
- Noko forseinking med oversending av dokumentasjon frå kommunen.
- Revisor var oppteken med andre prosjekt då informasjonen vart motteken.
- Fortrinnsvis kan mykje arbeid gjerast før årsskiftet.
- Truleg kan rapporten vera klar for oversending til sekretariatet i månadsskiftet januar/februar 2018.

Refleksjonar i etterkant av denne informasjonen:

- Mest mulig av arbeidet bør gjennomførast i 2017, ettersom prosjektarbeidet alt har pågått ei god stund.
- Det var berekna at fakturering av dette prosjektet kom i 2017, slik at midlar i 2018 til forvaltningsrevisjon kunne disponerast til nytt prosjekt. Slik sett er det å føretrekka at storparten av arbeidet vert utført før årsskiftet og fakturert i 2017.
- Det er føremålstenleg å fastsetta første møte i kontrollutvalet til dato som gjer at rapporten kan handsamast då, jmf. eiga sak om møteplan.

Forvaltningsrevisor er tilgjengeleg på telefon frå møtestart og fram til litt før klokka 16, dersom det skulle vera aktuelt å kontakta henne.

Konklusjon:

Det bør henstillast til Deloitte om at mest mulig av revisjonsarbeidet vert utført før årsskiftet og fakturert i 2017, samt at rapporten kan vera klar til månadsskiftet januar/februar 2018.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet henstiller om at Deloitte gjer mest mulig av gjenståande revisjonsarbeid før årsskiftet 2017/2018.
2. Utvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 02.02.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
3. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til rådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
4. Rapporten vert å handsama i første kontrollutvalsmøte i 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Løypemelding forvaltningsrevisjon Stord - investeringsprosjekt

Fra: Johansen, Line Margrete (NO - Bergen) (lmjohansen@DELOITTE.no)

Sendt: 15.11.2017 11:51:02

Til: Hogne Haktorson

Kopi:

Emne: Løypemelding forvaltningsrevisjon Stord - investeringsprosjekt

Vedlegg: image002.png;image004.png;image006.png;image008.png;image010.png;image012.png

Hei,

Her er som avtalt ei løypemelding knytt til forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt i Stord kommune:

- Som nemnd i førre løypemelding utarbeidde vi – basert på dokumentasjon vi hadde motteke før sommaren – ei oversikt over behov for utfyllande dokumentasjon. Det var ein god del som mangla i den opphavlege oversendinga. Førespurnad om utfyllande dokumentasjon, og dokumentasjon knytt til caset Stord ungdomsskule, blei sendt til kontaktpersonen i kommunen 22. august, altså same dag som vi fekk informasjon om at det opphavleg utvalde VA-caset var eit prosjekt som var avslutta for ein god del år sidan. Svarfrist for oversending av utfyllande dokumentasjon og dokumentasjon knytt til Stord ungdomsskule blei sett til 8. september.
- 13. september hadde vi ikkje motteke tilbakemelding frå kommunen. Då sendte vi over informasjon om nytt case som var vald ut innanfor VA, og ba om dokumentasjon knytt til dette. Samtidig minna vi om førre førespurnad som vi ikkje hadde fått tilbakemelding på.
- Vi fekk svar 18. september, der manglande svar på tidlegare førespurnad blei beklaga. Det blei vist til sjukdom både blant leiarar og andre tilsette. Frist for oversending av all etterspurd dokumentasjon blei då sett til 28. september.
- Vi mottok dokumentasjonen 4. oktober.
- Vi er no i gang med å gjennomgå dokumenta. Forseinkinga innebar imidlertid ei forskyving i gjennomføringa, og vi må finne tid til å gjere arbeidet på same tid som det eigentleg er planlagt andre oppgåver. Dette gjer at det tar noko tid å få gått gjennom alt, før vi kan planlegge intervju. Det er omfattande dokumentasjon som er sendt over, også knytt til dei to prosjekta som er vald ut som case.
- Vi vil prøve å få gjort det meste av arbeidet i år, også gjennomføring av intervju. Per i dag kan vi likevel ikkje garantere at alt er gjort før jul, sidan forskyvinga medfører at arbeidet må gjerast i tillegg til det andre arbeidet som er planlagt i denne perioden. Det kan difor vere at noko arbeid må gjerast også etter jul, dette kan vi melde frå om til sekretariatet fortløpande.
- Leveranse av ferdig rapport vil avhenge av kva tid vi får ferdigstilt dokumentgjennomgangen og gjennomført intervju. Slik det ser ut per i dag, reknar vi med å kunne levere ferdig rapport rundt månadsskiftet januar/februar. Då vil det meste av januar gå med til verifiserings- og høyringsprosessen.

Ta gjerne kontakt dersom det er behov for ytterlegare informasjon eller avklaringar.

Mvh,

Line Margrete Johansen

Senior manager | Risk Advisory

Deloitte AS

Damsgårdsveien 135, 5160 Laksevåg, Norway

Tel/Main: +47 55 21 81 00 | Mobile: +47 952 15 727

lmjohansen@deloitte.no | www.deloitte.no

--

--

[Abonner på nyheter fra Deloitte](#)

***Disclaimer:** This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2015/178-55
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	45/17	27.11.2017

Revisjonsplan 2017 for Stord kommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting:

Vanlegvis vert revisjonsplanen lagt fram for kontrollutvalet i første haustmøte og interimrevisjonsrapport i siste haustmøte. Det var naturleg med ei forskyving av dette i 2017, ettersom KPMG er ny som revisor frå 01.07.17.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og evt. informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskarar vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2017 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimisrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, evt. seinare revisjonar, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Interimisrevisjonsrapport vert å leggja fram for kontrollutvalet til handsaming i første møte på nyåret.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå KPMG til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 SK_Revisjonsplan 2017



Revisjonsplan 2017

Stord kommune

November 2017



Innhold

Kontaktpersoner:

Willy Hauge

Partner

Tel: +47 4063 9849

roald.stakland@kpmg.no

Eirik Braut

Director - regnskapsrevisjon

Tel: + 47 9523 8759

eirik.braut@kpmg.no

Mailin Holm

Manager- regnskapsrevisjon

Tel: + 47 4063 8214

mailin.holm@kpmg.no

Ole Willy Fundingsrud

Director - forvaltningsrevisjon

Tel: + 47 4063 9692

ole.willy.fundingsrud@kpmg.no


- Gjennomgang med administrasjon
- Revisjonsmessig tilnærming
- Vesentlighet
- Risikovurderinger – finansregnskapet
- Revisjonsåret
- Tidsplan og rapportering

Gjennomgang med administrasjon – status og utvikling i år

For å gjøre en god og effektiv revisjon må vi forstå virksomheten.

Vi gjennomgår økonomirapporter fra rådmannen og tertialrapport når den er klar.

Vi gjennomgår også utviklingen muntlig med regnskap/økonomi hvor det er utfordringer.



Virksomhetsforståelse

Ledelsens gjennomgang - endringer inneværende år

Viktig informasjon for å kunne skreddersy revisjonen.

Tendensen er at IT blir stadig viktigere i prosesser og rutiner.


Vi vil ha stadig større fokus på dette.

Rammer og regulering, enheter og organisering	Prosesser og rutiner
<ul style="list-style-type: none">▪ Endringer i rammebetingelser▪ Endringer i reguleringer▪ Endring i organisering▪ Nye enheter, utgåtte enheter▪ Sammenligning andre	<ul style="list-style-type: none">▪ Endring i kjerneprosesser▪ Endringer i støtteprosesser▪ Interne kontroller – behov for forbedringer▪ Endringer i IT-systemer▪ Overholdelse av kravene i kommuneloven og bokføringsloven
Innsatsfaktorer og leverandører	Særskilte hendelser
<ul style="list-style-type: none">▪ Vesentlige endringer knyttet til innsatsfaktorer▪ Nye/utgåtte vesentlige leverandører▪ Større anskaffelser	<ul style="list-style-type: none">▪ Avdekkede misligheter▪ Brudd på lover eller forskrifter▪ Ettersyn▪ Krav eller tvister▪ Vesentlige feil i regnskapet▪ Andre vesentlige forhold
Ledelsens risikovurderinger	Annet
<ul style="list-style-type: none">▪ Ledelsens vurdering av risiko når det gjelder finansiell rapportering▪ Områder spesielt utsatt for mislighetsrisiko▪ Nye investeringer▪ Nye vurderingsposter/estimer	<ul style="list-style-type: none">▪ Kommunale foretak▪ Endringer i ledelsen▪ Finansområdet▪ Erfaringer fra tidligere

Risikovurdering - finansregnskapet

Kommunen har flere ulike operasjonelle risikoer. I revisjonen har vi fokus på de forhold som potensielt kan påvirke poster i årsregnskapet.

Misligheter dukker stadig opp i media; det viktigste er et godt kontrollmiljø.



Revisjon og gjennomgang av kjerneprosesser

Tema	Virkning på revisjonsplan
<p>Inntekter</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Inntekter ▪ Kundefordringer 	<p>Inntekter</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen ▪ Innhente budsjett og fjorårstall og vurderinger av vesentlige endringer ▪ Innhente oppgaver eller opplysninger knyttet til overføringer, skatter mv ▪ Brukerbetalinger – etterberegninger mv <p>Kundefordringer</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av kommunens rutine for oppfølging av kundefordringer og vurdering av tapsutsatte fordringer
<p>Innkjøp</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kjøp av varer og tjenester ▪ Leverandørgjeld ▪ Bank 	<p>Kjøp av varer og tjenester</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen ▪ Innhente budsjett, fjorårstall, og vurderinger av vesentlige endringer ▪ Kontroll av grunnlag for og attestasjon av momskompensasjon for hver termin <p>Leverandørgjeld</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av kommunens rutine for oppfølging av leverandørgjeld, og vurdere behov for å innhente eksterne bekreftelser på et utvalg av leverandører. <p>Bank</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Innhente engasjementsbrev fra bank for kontroll av saldo, fullmaktsforhold, samt garantier og sikkerhetsstillelser og gjennomgang av bankavstemminger ▪ Gjennomgang av bankavstemminger
<p>Lønn</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Lønnskostnader ▪ Sykelønnsrefusjoner ▪ Annen godtgjørelse ▪ Reiseregninger 	<p>Lønnskostnader</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen ▪ Innhente budsjett, fjorårstall, og vurderinger av vesentlige endringer ▪ Gjennomgang av kommunens avstemminger knyttet til lønnsutbetalinger, sykelønnsrefusjoner og annen godtgjørelse

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:

1. Gjennomgang av kjerneprosesser
2. Revisjon av vurderingsposter
3. Revisjon av øvrige vesentlige områder

Revisjon av vurderingsposter

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:

1. Gjennomgang av kjerneprosesser
2. Revisjon av vurderingsposter
3. Revisjon av øvrige vesentlige områder

Tema	Virkning på revisjonsplan
Pensjoner <ul style="list-style-type: none">▪ Pensjonsmidler▪ Pensjonsforpliktelse▪ Pensjonskostnad▪ Premieavvik	Pensjoner <ul style="list-style-type: none">▪ Risiko for feil i regnskapet knytter seg til verdsettelsen av pensjonsfordringer og -forpliktelser knyttet til ytelsesordningen . Vi vil gjennomgå de parametere og forutsetninger som benyttes i beregningen, samt avstemme innbetaling lagt til grunn av aktuar mot fysiske fakturaer mottatt og betalt. Vi vil også følge opp avvik i avstemming av premieavvik.
Investering i aksjer og andeler <ul style="list-style-type: none">▪ Finansielle aktiva▪ Finansinntekter	Investering i aksjer og/eller andeler <ul style="list-style-type: none">▪ For investeringer i ikke-børsnoterte aksjer og andeler av betydning vil vi innhente sist avlagte og reviderte årsregnskap og/eller siste resultatrapport tilgjengelig. Vurdering av bokført verdi sammenlignet med egenkapital for de respektive selskapene man har eierandeler i.
Avsetning for forpliktelser (og inntekter) <ul style="list-style-type: none">▪ Garantiavsetninger▪ Ressurskrevende brukere	Avsetning for forpliktelser <ul style="list-style-type: none">▪ Vi vil diskutere med ledelsen de forhold som tilsier avsetning for forpliktelser og underliggende avtaler▪ Vi vil gjennomgå ledelsens beregninger og historisk treffsikkerhet for vurdering av avsetning for inntekter

Revisjon av øvrige vesentlige områder

Tema	Virkning på revisjonsplan
<p>Øvrige periodiseringer</p> <ul style="list-style-type: none"> Inntekter og kostnader 	<p>Periodisering</p> <ul style="list-style-type: none"> Risiko for feil knytter seg til knappe rapporteringsfrister, og vår tilnærming vil være å gjennomgå interne rutiner for periodisering av de vesentligste regnskapspostene Gjennomgå et utvalg fakturaer før og etter årsskiftet for kontroll av korrekt periodisering. Gjennomgå avsetningen for påløpt lønn, feriepenger og andre godtgjørelser som ikke er utbetalt.
<p>Driftsmidler</p> <ul style="list-style-type: none"> Bygninger/tomter Maskiner og utstyr Inventar Av- og nedskrivninger 	<p>Driftsmidler</p> <ul style="list-style-type: none"> Påse at anleggskartotek er avstemt mot hovedbok Analytisk kontrollhandling mot totale regnskapsmessige avskrivninger Kontrollere et utvalg av vesentlige tilganger / avganger
<p>Finansområdet</p> <ul style="list-style-type: none"> Plasseringer Gjeld 	<p>Finansområdet</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av finansreglementet for å påse at dette er ihht regelverket Kontroll av beholdninger/lån mot eksterne oppgaver Kontroll av minimumsavdrag, regnskapsmessig håndtering og noteinformasjon Påse at det er samsvar mellom låneopptak i året, bruk av lån i året og bevegelser på konto for ubrukte lånemidler.

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:

1. Gjennomgang av kjerneprosesser
2. Revisjon av vurderingsposter
3. Revisjon av øvrige vesentlige områder

Revisjon av øvrige vesentlige områder

Tema	Virkning på revisjonsplan
<p>Ikke rutine-transaksjoner</p> <ul style="list-style-type: none"> Potensielt alle 	<p>Ikke rutinetransaksjoner</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurdere interne rutiner for hvem som har mulighet for å gjøre direkteføringer i hovedbok Kontrollere manuelle føringer via uttrekk fra regnskapssystemet i et lesbart format over alle manuelle føringer i løpet av året Gjennomgang av transaksjoner som anses for å være ikke-rutine (for eksempel spesielle salgstransaksjoner etc.) for å påse korrekt regnskapsføring og presentasjon
<p>Investeringsregnskap</p>	<p>Inntekter og utgifter</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av kommunens rutiner og vurdering av internkontrollen Kontrollere at driftsutgifter ikke ligger i investeringsregnskap (og motsatt) Kontrollere at investeringsinntekter ikke ligger i driftsregnskap (og motsatt)
<p>Selvkost</p>	<p>Selvkost</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av kommunens rutiner og vurdering av internkontrollen Kontroll av regnskapsføring av selvkostfond og selvkostnote til årsregnskapet
<p>Mva</p>	<p>Mva</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av kommunens rutiner for innrapportering og regnskapsføring av merverdiavgift Løpende gjennomgå og attestere på kompensasjonsoppgave for merverdiavgift


Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:

- Gjennomgang av kjerneprosesser
- Revisjon av vurderingsposter
- Revisjon av øvrige vesentlige områder

Revisjon av øvrige vesentlige områder

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder: 1. Gjennomgang av kjerneprosesser 2. Revisjon av vurderingsposter 3. Revisjon av øvrige vesentlige områder	Tema	Virkning på revisjonsplan
	Offentlige anskaffelser	Offentlige anskaffelser <ul style="list-style-type: none">▪ Gjennomgang av kommunens internkontrollrutiner på området
	Budsjett	Korrekte budsjettall i årsregnskapet <ul style="list-style-type: none">▪ Er budsjettjusteringer gjort på riktig nivå og tilstrekkelig dokumentert▪ Foretar man nødvendige budsjettjusteringer
	Disponeringer/ Egenkapital	Direkteføringer <ul style="list-style-type: none">▪ Innhente og vurdere kommunens avstemming av kretsløp og noter▪ Kontroll av utvalg bundne fond som har vært brukt i løpet av året.▪ Innhente kommunes dokumentasjon på disponering av resultat, samt gjennomgang av avstemming/note for kapitalkonto og disposisjonsfond
	Årsregnskap og årsberetning	Årsregnskap <ul style="list-style-type: none">▪ Kontrollere at det er samsvar mellom årsregnskap og noter med revidert regnskap▪ Gjennomgang av sjekklister for årsregnskap, noter og årsberetning for å påse at krev til opplysninger er oppfylt

Revisjonsåret



Tidsplan og rapportering

Har til formål å sikre tidsriktig og kvalitativ revisjon med verdi-skapende tilbakemelding til dere.

Vi ønsker løpende dialog og ser gjerne at dere tar kontakt, også utenom våre planlagte møter.

Aktivitet	Dato/uke
Planleggingsmøte med gjennomgang revisjonsplan	Uke 47
Interimsrevisjon	Uke 47
Rapportering interim	Uke 48 – 49
Årsoppgjørrevisjon (tidspunkt avtales ifm interim)	Uke 8 – 12
Rapportering årsoppgjørrevisjon	Uke ?
Kontrollutvalget	?
Kommunestyre	?



kpmg.com/socialmedia



kpmg.com/app



© 2017 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2015/181-31
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	46/17	27.11.2017

Utvelging av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret i Stord kommune handsama forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 i møte 24.11.2016 og gjorde slikt vedtak:

1. *Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2012 – 2016.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
5. *Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.*

Utvalet har bestilt «forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar» basert på denne planen. Det var prioritert øvst på planen. Sjå eiga sak om status i arbeidet med denne. Det er no tid for å velja ut neste tema for forvaltningsrevisjon.

Skal ein gå vidare på prioritert liste, og ta neste prosjekt? Det er sjølv sagt også mogeleg å vurdere om ein skal velja andre av dei prioriterte prosjekta dersom t.d. aktualitet skulle tilseie det. Når utvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksler på omtale slik det kjem fram i vedteken plan for forvaltningsrevisjon punkt 2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt, jmf. Overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Det er i alt 7 prioriterte og 11 uprioriterte prosjekt. Her er teke med det prosjektet som pågår samt dei tre neste, blant dei 7 prioriterte prosjekta.

Nr	Prosjekt	Risiko
1.	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar (Er starta opp)	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for økonomiske og tidsmessige overskridingar i prosjekta. Risiko for manglande kvalitet i prosjekta.
2.	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing av politiske saker	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for at politiske beslutningar blir fatta på mangelfullt grunnlag.
3.	Forvaltningsrevisjon av overordna internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for manglande internkontroll i einingane. Risiko for brot på regelverk og manglande kvalitet i tenestene.
4.	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for ulovlege innkjøp. Risiko for manglande kvalitet i leveransane

For prosjekt nr. 2 er bl.a. og dette omtalt i overordna analyse:

- *Det blir stilt spørsmål om sakene til kommunestyret og andre politiske organ er tilstrekkeleg førebudd. Det blir peika på at det kan vera vanskeleg å sjå om administrasjonen har etablert system/rutinar og malar som ligg til grunn for saksførebuinga som sikrar at alle forhold og konsekvensar ved ei sak blir greia ut.*
- *I administrasjonen blir det vist til at dei har ein mal/sjekkliste for kva forhold som kan vera aktuelle å vurdere i ei sak, men ikkje alle forhold blir vurdert i alle saker.*

For prosjekt nr. 3 er bl.a. og dette omtalt i overordna analyse:

- Kommunen har eit overordna kvalitetssystem - Compilo. Det har vist seg utfordrande å få implementert dette systemet med tilhøyrande rutinar i heile verksemda. Dette gjer det vanskeleg å etablere ei god oversikt over internkontrollen i einingane.
- Det er tilsett ein controller

For prosjekt nr. 4 er bl.a. og dette omtalt i overordna analyse:

- Det blir vist til at det ikkje er sikkert at alle kjøp er i samsvar med regelverket, og det er fare for at avtalar ikkje blir etterlevd slik dei skal. Kontraktar knytt til bygg, vedlikehald, veg o.l. blir trekt fram som døme på område der det kan vere risiko for manglande kontraktsoppfølging.

Drøfting:

Kontrollutvalet bør på bakgrunn av den vedteke planen vurdere kva prosjekt som no skal setjast i bestilling. Oppstillinga overfor kan vera til hjelp her. I møtet er det og mulig å sjå på dette:

- Gjennomførte prosjekt gjennom dei siste åra. Det går fram av overordna analyse.
- Fullstendig liste over prioriterte og uprioriterte prosjekt i gjeldande plan
- Idear som går fram av anna sak om kurstema.

Når utvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulere eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definere og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på, alternativt moment som ein ønskjer skal inngå i forvaltningsrevisjonen.

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål og problemstillingar, samt definering og avgrensing av prosjekt elles.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. KPMG vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast 3 veker før neste kontrollutvalsmøte.
4. Prosjektplanen vert teke opp til godkjenning i neste møte.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune 2016 - 2020

Stord kommune Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020



Oktober 2016

Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	5
1.2	Plan for forvaltningsrevisjon	5
1.3	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020	7
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	7
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	7
3	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	9
3.1	Framgangsmåte	9
3.2	Gjennomføring og rapportering	9

1 Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Ifølgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen.¹ Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonen sitt innhald:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

1.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.²

¹ Kommuneloven § 77. Kontrollutvalet

² Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

1.3 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen har vore å framskaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.³

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking til administrative leiarar i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.



³ For en nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalgsboken" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129)

2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang for kvart prosjekt vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	
1	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar
2	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing av politiske saker
3	Forvaltningsrevisjon av overordna internkontroll
4	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging
5	Forvaltningsrevisjon av førebyggjande helsearbeid og samhandling mellom tenester for barn og unge (mellom anna samhandling mellom skule og PPT)
6	Forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid og rusomsorg
7	Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	
1	Forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorgstenester
2	Forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap
3	Forvaltningsrevisjon av offentlegheit, journalføring og arkivering
4	Forvaltningsrevisjon av tilpassing til samhandlingsreformen
5	Forvaltningsrevisjon av tenester til personar med psykisk utviklingshemming

6	Forvaltningsrevisjon av sjølvkost
7	Forvaltningsrevisjon av læringsmiljø
8	Forvaltningsrevisjon av vaksenopplæring og opplæring av minoritetsspråklege
9	Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av kommunale bygg
10	Forvaltningsrevisjon av fordeling av idrettsmidlar og tilgang til hall
11	Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium⁴ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp.

⁴ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 085
Arkivnr: 2016/2-30
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	47/17	27.11.2017

Kurs i regi av revisor

Bakgrunn for saka

KPMG har vunne anbud om revisjonstenester for Stord kommune i perioden 01.07.2017 til 30.06.2021

I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet forslag om, og halde kurs for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einkilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i kommunen.»

På kontrollutvalet sitt møte 30.08.17, vart dette protokollert i tilsvarande sak:

Handsaming i møtet (30.08.17):

Det var drøfta alternative tema for kurs. Desse temaene var mest framme i diskusjonen:

- Antikorrupsjon eller Samfunnsansvar og antikorrupsjon.
- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, case frå A til Å.
- Offentlege anskaffingar.

Ein var og innom tema om habilitet. I ordskiftet var det synspunkt om å ikkje prioritera det no.

Etter sams drøfting kom slik alternativt forslag til vedtak:

*Kontrollutvalet ber om at KPMG kjem tilbake i novembermøtet 2017 med alternativt kursinnhald basert på drøftingar i møtet.
Gjennomføring av kurs er tenkt i starten av 2018.*

Alternativt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak (30.08.17):

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239453 – Mobil 91105982 - E-postadresse: hogne.haktorson@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG kjem tilbake i novembermøtet 2017 med alternativt kursinnhald basert på drøftingar i møtet.
2. Gjennomføring av kurs er tenkt i starten av 2018.

Drøfting

Sekretariatet har på bakgrunn av dette spurt om KPMG har forslag til aktuelle kurstema.

Det er motteke skriv frå KPMG av 06.11.17. der 5 aktuelle kurs er gjort greie for:

1. Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid opp mot antikorrupsjon.
2. Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid med etikk
3. Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid med offentlege anskaffingar og oppfølging av kontraktar
4. Samfunnsansvar og antikorrupsjon
5. Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Det vanlege til no rundt i dei kommunane sekretariatet har erfaring frå, er at slike kurs vanlegvis har hatt ein varighet på 2 timar og dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte. Slik sett vert det to «halvdagskurs» for kvart avtaleår frå juli til juli som er integrert i fastprisen for revisjon.

Utvalet må ta stilling til:

- Om dei finn ønskt tema innafor desse fem alternativa, evt. med litt tilpassing.
- Om målgruppa skal vera kontrollutvalet sine medlemmar eller td. også tilsette i Stord kommune.
- Om utvalet skal plukka ut to tema for avtaleåret fram til 30.06.18, eller om administrasjonen skal få høve til å velgja eit av dei to temaene.
- Det kan og vera greitt å skua til anna aktivitet i kontrollutvalet, td. kva som er tenkt som framtidig tema innan forvaltningsrevisjon.
- Tidspunkt for kurs, som td. kan vera i tilknytning til eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at KPMG skal gjennomføre i første halvdel av 2018. Dersom ein kjem fram til tema og dato, kan utvalet be sekretariatet ta eit hovudansvar for det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innandato:.....
2. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innandato:.....
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av at det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa vert gjort, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 KU Stord - moglege kurs

Stord kommune, kontrollutvalet
v. Hogne Haktorson

Deres ref

Vår ref

6.november 2017

Moglege kurs og kursinnhald

Det vert synt til kontrollutvalet si sak 37/17 – kurs i regi av revisor. I saka ba kontrollutvalet om at KPMG kjem tilbake i novembermøtet 2017 med alternativt kursinnhald basert på drøftingar i møtet. Nedanfor vert tema for moglege kurs/kursinnhald kort skildra. Det gjerast merksam på at KPMG i forkant av kursgjennomføring, vil detaljere kurs og kursinnhald ytterligare.

- **Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid opp i mot antikorrupsjon**

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- Skildre og utdjupe antikorrupsjon, innhald og omfang
- Skildre og utdjupe kva forvaltningsrevisjon er
- Synleggjere og skildre korleis forvaltningsrevisjon kan gjennomførast av kommunar sitt arbeid opp imot antikorrupsjon. I denne delen vil vi nytte faktiske døme frå gjennomført forvaltningsrevisjon

- **Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid med etikk**

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- Skildre og utdjupe etikk, innhald og omfang
- Skildre og utdjupe kva forvaltningsrevisjon er
- Synleggjere og skildre korleis forvaltningsrevisjon kan gjennomførast av kommunar sitt arbeid opp imot etikk. I denne delen vil vi nytte faktiske døme frå gjennomført forvaltningsrevisjon

- **Forvaltningsrevisjon av kommunen sitt arbeid med offentlege anskaffingar og oppfølging av kontraktar**

Kurset vil ha eit tredelt føremål:

- Skildre og utdjupe sentrale element i lov og forskrift for offentlege anskaffingar, samt sentrale element kring kontraktsoppfølging
- Skildre og utdjupe kva forvaltningsrevisjon er

- Synleggjere og skildre korleis forvaltningsrevisjon kan gjennomførast av kommunar sitt arbeid opp imot offentlege anskaffingar. I denne delen vil vi nytte faktiske døme frå gjennomført forvaltningsrevisjon

- **Samfunnsansvar og antikorrupsjon.**
Kurset vil ha eit tredelt føremål:
 - Skildre og utdjupe innhald og omfang av samfunnsansvar og antikorrupsjon
 - Skildre relevant internkontroll knytt til samfunnsansvar og antikorrupsjon
 - Gje døme på ivaretaking av samfunnsansvar og antikorrupsjon innafør offentlege anskaffingar

- **Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**
Kurset vil kunne gå igjennom:
 - Kva forvaltningsrevisjon og selskapskontroll inneber
 - Kontrollutvalet sitt ansvar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
 - Planlegging, gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
 - Verdien for kommunen av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Med hilsen
for KPMG AS

Willy Hauge (sign)
Partner

Fundingsrud, Ole Willy (sign)
Director



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
 Arkivnr: 2016/40-16
 Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	48/17	27.11.2017

Møteplan 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune

Samandrag

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som ev. skal vidare til formannskapet og kommunestyret. Årsrekneskapen for Stord hamnestell er og innom Komite for næring, miljø og kultur.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet:	Merknad:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Form. / Kom. NMK	Kommunestyret
01.03.2018			22.03.2018
18.04.2018	Årsmelding 2017 for KUV		26.04.2018 24.05.2018
15.05.2018	Uttale til kommunerekneskapen og rekneskap Stord hamnestell	Kom NMK 30.05.2018 Form. 06.06.2018	21.06.2018
10.09.2018	Budsjett 2018 for KUV Revisjonsplan		
29.11.2018	Interimsrevisjonsrapport		

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2018:

Dato:	Merknad:
01.03.2018	
18.04.2018	
15.05.2018	
10.09.2018	
29.11.2018	

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/177-15
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	49/17	27.11.2017

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si sakliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk → Møte → Til møteinnkallingar og møteprotokollar».

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har gjort vedtak og suppleringsvedtak, sist i sak PS 08/17 av 23.2.17., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Anna Herborg Førland
Forvaltningsstyret	Peggy Husevik Bærøy
Komité for oppvekst og utdanning	Anna Herborg Førland
Komité for næring, miljø og kultur	Tarjei Haga
Komité for rehabilitering, helse og omsorg	Odd Ståle Larsen

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2017		
Kommunestyret	21/9	26/10	23/11
Formannskapet	6/9	4/10	8/11
Forvaltningsstyret	7/9	5/10	9/11
Komité for oppvekst og utdanning	29/8	26/9	14/11
Komité for næring, miljø og kultur	30/8	27/9	15/11
Komité for rehabilitering, helse og omsorg	31/8	28/9	16/11

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 50/17 Referatsaker

Konto	Konto(T)	Rekneskap 2016	Rekneskap tom oktober 2017	Budsjett tom oktober 2017	Årsbudsjett 2017	Avvik per oktober 2017
10802	Utval/leiargodtgjersle	32 967,70	30 230,00	30 512,00	36 616,00	282,00
10803	Møtegodtgjersle	25 801,38	3 165,00	14 736,00	17 685,00	11 571,00
10804	Tapt arbeidsforteneste	8 773,34	1 756,04	8 773,00	10 527,00	7 016,96
10990	Arbeidsgjevaravgift	9 530,90	4 956,27	7 333,00	8 995,00	2 376,73
11008	Faglitteratur og abonnement	2 000,00	2 000,00	1 753,00	2 105,00	-247,00
11152	Servering møter/kurs		1 140,00	-	-	-1 140,00
11400	Annonse	-	-	4 383,00	5 263,00	4 383,00
11500	Kurs og etterutdanning	-	6 400,00	13 156,00	15 790,00	6 756,00
11600	Skyss/kostgodtgjersle	717,50				
11709	Andre reiseutgifter utlegg	446,00	5 118,64	17 546,00	21 054,00	12 427,36
11951	Kontingent	4 200,00	4 300,00	3 420,00	4 105,00	-880,00
12702	Konsulent-/ rådgiv.-tenester (ekstern revisor)	526 896,92	184 962,50	552 631,00	663 185,00	367 668,50
13300	Kjøp teneste fylket	231 375,02	164 803,76	-	181 060,00	-164 803,76
14290	Meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon	189 568,00	87 768,42	177 413,00	212 905,00	89 644,58
15001	Renteutgifter forseint bet.rekningar	142,66				
16200	Avgiftsfrie salsinntekter		-1 100,00	-	-	1 100,00
17290	Kompensasjon for mva	-189 568,00	-87 768,42	-177 413,00	-212 905,00	-89 644,58
1100	Revisjon og kontroll	842 851,42	407 732,21	654 243,00	966 385,00	246 510,79

1099-1100 Revisjon og kontroll

Konto	Beskrivelse	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
10802	Utval/leiargodtgjersle	32 968	36 616	37 668
10803	Møtegodtgjersle	25 801	17 685	18 162
10804	Tapt arbeidsforteneste	8 773	10 527	10 811
10908	Arbeidsgjevaravgift	0	0	576
10990	Arbeidsgjevaravgift	9 531	8 995	9 396
11008	Faglitteratur og abonnement	2 000	2 105	2 162
11400	Kurs og etterutdanning	0	5 263	5 405
11500	Skyss/kostgodtgjersle	718	15 790	16 216
11709	Andre reiseutgifter utlegg	446	21 054	21 622
11951	Kontingent	4 200	4 105	4 216
12702	Konsulent-/ Rådgiv.-tenester	526 897	663 185	681 091
13300	Kjøp teneste frå fylket	231 375	181 060	185 949
14290	Mva på vederlag mva-pliktig	189 568	212 905	1 892
14290	Renteutgifter forseint bet.rekningar	143	0	0
17290	Kompensasjon for mva	-189 568	-212 905	-1 892
	Netto utgift kontrollutval	842 852	966 385	993 274